



Hordaland fylkeskommune -
Regionalavdelinga

Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id	Arkiv	Dato:
	12/1404-11	14/11011	N-101.2/	06.11.2014

**HØYRING: PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE
SENTER I HORDALAND - SENTERSTRUKTUR, TENESTER OG HANDEL**

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Diverre har det vorte misforståingar i samband med utsending av vedtak. Me vonar likevel at fylkeskommune tek innspela frå Ullensvang med i det vidare arbeid med plan for attraktive senter i Hordaland.

Med helsing
Ullensvang herad

John Ove Rørnes
Nestleiar Næring og utvikling

Sakshandsamar sin tlf: 53671589
Sakshandsamar sin e-postadr.: joro@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok



Ullensvang herad
Heradshuset
5780 KINSARVIK

Org.nr: 964 967 903
Bankgiro 3450.19.70427

Telefon: 53 67 15 00
Telefaks: 53 67 15 01
E post: postmottak@ullensvang.herad.no

www.ullensvang.herad.no

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Heradsstyret	22.09.2014	043/14	JORO

Endeleg vedtak i: Heradsstyret	Arkiv: N-101.2	J.post id.	Arkivsaknr
Saksansv .: Kent Geirmund Håkull	Objekt:	14/8774	12/1404 - 10

HØYRING: PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND - SENTERSTRUKTUR, TENESTER OG HANDEL - - TILBAKEMELDING PÅ FRAMLEGG TIL PLAN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	31.10.2012	Hordaland fylkeskommune - fylkesordfører	Høyring: Forslag til planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel
2	I	07.11.2012	Hordaland fylkeskommune - Regionalavdelinga - Planseksjonen	Høyring av forslag til planprogram: Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel
3	I	14.12.2012	Hordaland Fylkeskommune	Påminning om Høyring - Frist 21.12.12 - Framlegg til planprogram for Regional plan for attraktive senter i Hordaland
4	U	20.12.2012	Hordaland fylkeskommune - Regionalavdelinga - Planseksjonen	Høyringsinnspel
5	I	13.02.2013	Hordaland fylkeskommune - Regionalavdelinga - Planseksjonen	Høyringsrapport planprogram - Regional plan for attraktive senter i Hordaland- senterstruktur, tenester og handel
6	I	23.01.2014	Kompetansesenter for distriktutvikling - Distriktssenteret	Statens pris for Norges mest attraktive stad - konkurranse
7	I	27.05.2014	Hordaland Fylkeskommune - Regionalavdelinga	Høyring av Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Utlegging av planforslag på kommunen sitt kunde- / informasjonsenter
8	I	04.06.2014	Hordaland fylkeskommune v/Per Nordmark	Påminning - Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Ope høyringsmøte 5.juni 2014
9	I	01.07.2014	Hordaland fylkeskommune	Vedr. utsett høyringsfrist "Regional plan for attraktive senter"

Vedlegg: Dokument nr 4, 7

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:


Saksutgreiing:

25.10.2012 vedtok fylkesutvalet i Hordaland oppstart på ny plan for senterstruktur. Framlegg til planprogram vart sendt på høyring(dok. 7), med frist til innspel 21.12.2012. Heradet sendte administrativ tilbakemelding på varsel om oppstart (dok. 4). Fylkeskommune sendte ut framlegg til Regional plan for attraktive senter i Hordaland på høyring med frist 22.august. Fylkeskommunen har utsett fristen til 1. oktober. I planprogrammet legg dei opp til vedtak av planen i slutten på 2014.

“Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel” vart vedteke av fylkestinget 12. desember 2002. Fylkesplanen avløyste “Rikspolitiske bestemmelser m midlertidig etableringsstopp for kjøpesenter utanfor sentrale deler av byer og tettsteder frå januar 1999”. Frå 27. juni 2008 vart fylkesdelplanen gjort juridisk bindande.

Vurdering:

Fylkeskommunen har i sitt framlegg til ny plan for attraktive senter i Hordaland, skissert opp korleis dei ser for seg at den framtidige senterutviklinga skal verta. Dei har i planen lagt kriteria for kva som skal på plass i sentra og kor me kan forventa etableringar. Dei vil også styre både transporten til sentra og satsinga på sentra.



I indre strok er Voss, Norheimsund og Odda vist senter. I avgrensinga for Ullensvang er heile Ullensvang vist i lag med Odda. Me viser til innspel til oppstart, der det var dette vart kommentert. Det står at grensene må sjåast som grunnlag for vurderingar og ikkje absolutte grenser. I etterkant av oppstart på denne planen, har ny regjering sett fart på diskusjonen om kommunestruktur. Dette arbeidet skal vera klart til 2016. Det er viktig at ikkje planen om senterstruktur pressast fram for så å måtte takast oppatt etter at endringane i kommunestrukturen er kome på plass.

For indre Hardanger er tilhøva framleis slik at folketalet går ned. Dersom fylkeskommunen vil at Hardanger framleis skal vera eit levande samfunn, er det viktig at dette vert synleggjort i denne og andre fylkes(del) planar.

Hovudmål med planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennleg transport. Sentera skal leggje til rette for vekst i heile Hordaland. Dette stør heradet fullt ut.

Som strategi skal arealplanlegginga i sentrumsområda styrkast. Heradet vonar at satsinga også vert på kommunesentra. Dette er heilt avgjerande dersom ein skal unngå ein endå større handellekkasje frå Hardanger. Det er også viktig i forhold dersom me skal nå mål om miljøvennleg transport.

Planen har mange gode og viktige mål for å nå gode, attraktive senter. Dersom hovudmåla i planen vert nådd, vil mykje av sentersatsinga vera vellukka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ullensvang herad stør opp om arbeidet med ny Fylkesdelplan for attraktive senter i Hordaland. Fylkesdelplanen legg opp til vekst i heile fylket og heradet forventar at satsinga frå fylkeskommune også kjem i indre Hardanger. Ullensvang stør opp om dei tre sentra i Hardanger og Voss. Framtidig kommunestruktur må vera førande på satsinga i kommunesentra og regionsentra.

22.09.2014 HERADSSTYRET

Endringsframlegg frå Samson Hamre (SP):

“Siste setning frå : “Framtidig kommunestruktur må vera førande på satsinga i kommunesentra og regionsentra.” går ut.”

Røysting:

Samson Hamre (SP) sitt framlegg vart vedteke med 18 røyster. Mindretalet røysta for rådmannen sitt framlegg.

HST-043/14 VEDTAK:

Ullensvang herad stør opp om arbeidet med ny Fylkesdelplan for attraktive senter i Hordaland. Fylkesdelplanen legg opp til vekst i heile fylket og heradet forventar at satsinga frå fylkeskommune også kjem i indre Hardanger. Ullensvang stør opp om dei tre sentra i Hardanger og Voss.